

Lars S. Vikør

Stóra orðabókin um íslenska málnotkun

Jón Hilmar Jónsson: *Stóra orðabókin um íslenska málnotkun*.
Rafræn útgáfa á geisladiski fylgir. JPV útgáfa, Reykjavík
2005. ISBN 9979-791-26-8. xxx + 1562 sider

1 Innleiing

Jón Hilmar Jónsson (JHJ) har utvikla seg til nordisk meister på området fraseologisk leksikografi, og når eg begrensar meg til "nordisk", er det berre fordi eg har for liten detaljkunnskap om alt resten av Europa har å by på; det vil ikkje forundre meg om eg har teke for svakt i. Dei to monumentale ordbøkene *Orðastaður* (OS, 1994, 2. utg. 2001) og *Orðaheimur* (OH, 2002) (begge omtalte av Jóhannes Gísli Jónsson i *Orð og tunga* nr. 7) er i 2005 blitt slått saman til *Stóra orðabókin um íslenska málnotkun* (her forkorta SOÍM).

Det å slå saman to ulike (og så store) ordbøker til éi er i seg sjølv eit stort eksperiment, og det er interessant å sjå korleis det har lykkast. Eg skal i første omgang beskrive sjølv strukturen, eller strukturane, i SOÍM. Så skal eg kort prøve å plassere boka ordbokstypologisk – så vidt eg kan sjå, er dette ein nyskapning innanfor leksikografien. Deretter skal eg prøve nokre konkrete søk for å teste kor brukbar ordboka er i praksis for ein ikkje-islending som kan islandsk godt passivt, men dårleg aktivt. Det eg derimot ikkje kan gjere, er å vurdere den informasjonen ordboka gir. Eg må gå ut frå at vi her får eit hundre prosent kvalitetssikra og korrekt bilete av islandsk fraseologi og orddanning. Det følgjer ein cd med ordboka, men eg avgrensar meg her til å

vurdere sjølve boka. Ein presentasjon og ei vurdering av cd-en er gitt av Erla Hallsteinsdóttir (2006: 222-226), med kommentar av JHJ (2006: 234-235).

2 Tre strukturnivå

Eg deler inn strukturbeskrivinga i tre nivå, etter vanleg metaleksikografisk terminologi: megastruktur, makrostruktur og mikrostruktur.

Megastrukturen er sjølve hovudinndelinga av ordboka. Den begynner med forord og innleiing som gir ei grundig beskriving av oppbygging og søkjemoglegheiter, både i sjølve boka og i cd-en (supplert med skjematiske rettleiingar på innsida av permanente). Sjølve ordboksdelen er tredelt. Først får vi sjølve *hovuddelen* i ordboka, "orðabókarlýsing": hovudlista over oppslagsord med ordartiklar. Den legg beslag på 842 sider. Deretter får vi *registerdelen*, "orða- og orðasambandaskrá", som omfattar alle ord som er brukte i dei ulike frasane og ordsambanda i ordartiklane der dei sjølve ikkje er oppslagsord, med tilvising til den artikkelen der dei står. Den dekkjer drygt 700 sider. Til slutt får vi så fire lister over "hugtakaheiti", på islandsk, dansk, engelsk og tysk – dei tre siste med islandske ekvivalentar. Dette er ein arv frå OH, som har ei slik liste på engelsk.

Makrostrukturen er glattalfabetisk i heile boka. Alfabetiseringa følger det nyare prinsippet som er basert på at kvar bokstav står for seg, altså *á* separat mellom *a* og *b* og tilsvarende ved alle dei aksentuerte vokalane. Tidlegare var det vanleg å integrere *a* og *á*, *e* og *é*, *i* og *í* osv. med kvarandre. Somme vil meine at den nye måten gjer det vanskelegare å finne fram. Det har med vane å gjere, sjølvsagt, men etter mi meining gir den nye måten eit rettare bilete av det islandske skriftspråket – der skiljet mellom aksentuerte og uaksentuerte vokalar er fundamentalt. Ikkje-islandingar blandar lett saman t.d. *i* og *í*, og det er kanskje ikkje så farleg når dei berre skal forstå lesen tekst, men viktig å unngå når dei sjølve skal produsere tekst. At ordbøkene trenar folk opp til å skilje det som faktisk er ulikt, ser eg på som eintydig positivt.

I hovuddelen av ordboka har vi to typar lemma (flettur) som er integrerte i éi alfabetrekkefølge: grunnord (leksem, flettiorð) frå OS og begrep (hugtök) frå OH. Dei er skilde ved at begrepa står med versalar, store bokstavar, leksema med vanlege små bokstavar, begge

med halvfeit og utrykk. Når lesaren kjenner koden, vil han lett sjå kva som er leksem og kva som er begrep. Registerdelen inneheld naturleg nok berre leksem, også her med halvfeit, små bokstavar og utrykk. Ordboka er slik sett lett å ta seg fram i for å finne det ein er ute etter – på makronivået.

Men *mikrostrukturen* i hovuddelen er ikkje fullt så enkel, for det er svært ulike informasjonstypar som skal ha plass inne i desse artiklane. Eg beskriv dei to typane artiklar (ordartiklar frå OS og begrepsartiklar frå OH) kvar for seg.

Ordartiklane har altså eit grunnord (usamansett leksem) som lemma, av typen innhaldsord (substantiv, verb eller adjektiv). Strukturen er noko ulik for dei ulike ordklassene.

I *substantivartiklane* får vi: 1 reine setningsdøme på bruken av ordet, 2 frasar der formord og andre element kan skifte, mens andre element er faste, og døme på dei skiftande elementa er gitt i plogar (< >), 3 typiske adjektiv som står til substantivet (etter markeringa "ákvæði"), 4 samansetningar der lemmaet er førsteledd (eventuelt åtskilte etter ulike fuger), 5 samansetningar der lemmaet er sisteledd, og 6 eventuelle ordtak der lemmaet står sentralt. I tillegg til grunnord kan ein ha eige oppslag på forledd eller etterledd, nemleg der slike ledd skil seg formelt frå grunnordet. Har ordet fleire tydingar, blir dei skilde med tal i halvfeit og ofte eit synonym eller ei spesifisering.

Adjektivartiklane har mykje av det same: setningsdøme på typisk bruk, og kollokasjonar med eigne setningsdøme, med eventuelle markeringar for ulike tydingar av adjektivet eller frasen.

I *verbartiklane* ligg hovudvekta på å vise kombinasjonar med ulike adverbielle tillegg, ved sida av bruksdøme i setningsform her også. Ulike tydingar blir markerte ved å nemne ulike substantiv som relaterer seg til den aktuelle tydinga, ofte ei substantivering av det aktuelle verbet med markeringa "no". Men ikkje minst sentralt står dei ulike faste verbfrasane, som er førte opp i alfabetisk rekkjefølgje inne i verbartikkelen og deretter blir behandla som oppslag i seg sjølv (underoppslag eller sublemma).

Ingen av desse komponentane i ein ordartikkel er i og for seg obligatorisk, det er heilt avhengig av ordet sjølv kva for nokre som er med og som er omfangsrike eller ikkje. Men det heile går altså ut på å vise i størst mogleg detalj korleis ordet syntagmatisk agerer saman med andre ord – både over og innanfor ordgrenser.

Den andre typen artiklar går altså ut frå *begrep*. Det er 840 av dei – så vidt eg kan sjå direkte overførte frå OH. Begrepet blir sett inn i ulike kontekstar som viser ulike tydingar eller aspekt ved det, ofte ordna i ein hierarkisk struktur, og under kvar tyding blir det gitt ei større eller mindre mengd frasar som uttrykkjer denne tydinga. Frasane treng ikkje innehalde oppslagsordet; her er det det semantiske innhaldet i begrepet som står i fokus, ikkje ordet i seg sjølv. Også her blir fakultative ledd sette inn i plogar, ikkje minst personlege pronomen i tredje person, der kjønna blir eksplisitt jamstilte ved at det står "hann, hana" eller "honum, henni" i staden for det tradisjonelle "e-n" og "e-m". Sist i artikkelen står det tilvisingar til andre, beslekta begrep som har eigne artiklar.

Registerdelen er enklare oppsett. Her blir oppslagsordet følgt av alle dei ulike frasane og ordsambanda der det er brukt, alfabetisert på første ordet i frasen, og tilvising blir gitt til den artikkelen eller dei artiklane i hovuddelen (av begge artikkeltypane) der frasen står.

3 Samanlikning: Kva er nytt i SOÍM?

Eg har samanlikna ein kort sekvens i dei tidlegare bøkene og SOÍM for å sjå om tilfanget er auka i særleg grad. Dessverre har eg berre tilgang til førsteutgåva av OS (1994), så eg kan ikkje vite om nokre av dei endringane eg nemner, har skjedd allereie i andreutgåva frå 2001.

Side 100 i OS dekkjer **eftirlit** – **egg**. Oppslagsorda er dei same i begge bøkene i denne sekvensen, når ein ser bort frå at "**eftirsóknarvert** lo hvk" og "**eftirtektarvert** lo hvk", begge med eitt setningsdøme, er lagde til i SOÍM i tillegg til "**eftirsóknarverður** lo" og "**eftirtektarverður** lo". I OS står begge setningsdøma under **-verður**. JHJ har altså i SOÍM oppretta ein ny lemmakategori, nemleg nøytrumsformer av adjektiv i upersonlege konstruksjonar ("það er —", "það þótti ekki —") – noko som i norske ordbøker neppe ville ha komme på tale, sjølv om vi har same konstruksjonstypen. Til gjengjeld er **eftirmiðdagur** med i OS, men teken vekk i SOÍM, kanskje som "dönskusetla", for alt eg veit.

Når eg jamfører ein del ordartiklar på denne sida, ser tilfanget ganske identisk ut, det er (i alle fall her) ikkje lagt til mykje nytt stoff. (Elles i ordboka er det nok komme inn noko nytt materiale under ein del ord.) Ei fornying er det at kasusindikasjonar med t.d. "e-s" er er-

statta av "hans, hennar", som eg så vidt har vore inne på ovanfor. Det mest synlege er at typografien er endra: Alle frasar, setningar, tydingar osv. kjem på ny line, mens dei i OS er klumpa saman i den løpande teksta etter lemmaet. Det gjer det langt enklare å finne fram i boka, det gir eit tiltalande oversiktleg og pedagogisk inntrykk. Men det betyr også at boka knapt kan lyftast av ein person med dårleg rygg.

Eg ser også på tilskota frå OH i den same sekvensen: **EFTIRLIT**, **EFTIRSJÁ** og **EFTIRTEKT**, og finn at artiklane her er heilt identiske og uforandra. Nokre stikkprøver elles i ordbøkene viser det same. Derimot er registerdelen sjølvsagt kraftig utvida sidan han no dekkjer heile SOÍM og ikkje berre OH-materialet.

4 Kva slags ordbok er SOÍM?

Å klassifisere denne ordboka typologisk, er ikkje så enkelt, og det gjeld først og fremst den delen som stammar frå OH. OH hadde undertittelen "Íslensk hugtakaorðabók með orða- og orðasambandaskrá". I *Nordisk leksikografisk ordbok* blir *begrepsordbok* (hugtakaorðabók) definert slik: "ordbok som grupperer sammen leksikalske enheter som hører til samme semantiske felt, og som i regelen har systematisk makrostruktur". Dette er den klassiske typen eksemplifisert i Rogets Thesaurus. Men OH svarer ikkje til denne beskrivinga. Den grupperer ikkje saman leksikalske einingar, men derimot frasar som kan ha noko å gjere med eit visst allment begrep. JHJ avgrensar seg til abstrakte begrep, som gjeld sinnsstemningar, haldningar, (språk)handlingar, relasjonar mellom menneske, eigenskapar, tilstandar. Den fysiske verda er stort sett fråverande. Og tilgangsstrukturen er alfabetisk, ikkje systematisk. Ein tesaurus av den typen Roget laga, er så vidt eg veit enno ikkje laga for islandsk. JHJ sjølv bruker da heller ikkje termen *thesaurus*, men kallar OH i ein norskspråkleg artikkel (2005: 228) for "en fraseologisk begrepsordbok".

Utgangspunktet for OH er ifølgje JHJ (2005) ei utilfredsheit over fokuseringa på enkeltordet i tradisjonelle ordbøker, og også i OS. Han ønskte ei ordbok der brukaren skulle kunne gå rett på den konteksten enkeltordet skulle fungere i, og ut frå det sjå på frasane som heilskapar og orda som byggjesteinar. Samtidig laga han ein alfabetisk registerdel over enkeltorda, slik eg kort har nemnt ovanfor.

Denne dobbelte strukturen frå OH er altså overført til SOÍM, som

dermed kan beskrivast som ei fraseologisk ordbok med tre inngangar av to typar, alle tre alfabetiske: ein begrepsbasert og to ordbaserte (i hovuddelen og registerdelen).

SOÍM gir ikkje opp tydingar; den berre listar opp frasar, setningar og samansetningar. Den einaste semantiske informasjonen som blir gitt, er korte indikasjonar på deltydingar av oppslagsorda i OS-artiklane, som dei enkelte ordsambanda blir grupperte under. I OH-delen blir frasane også grupperte inn under ulike overordna tydingar. Såleis skil SOÍM seg frå den andre store fraseologiske ordboka i Norden: *Svensk språkbruk. Ordbok över konstruktioner och fraser*, utgitt av salige Svenska språknämnden i 2003, der det blir gitt forklaringar på idiom og andre ordsamband der redaktørane meiner det trengst, og det er ikkje så sjeldan. Det same gjeld stilmerkingar av typen "litterært, alderdommeleg, høgtidleg, kvardagsleg, nedsetjande", som heller ikkje finst i SOÍM.

JHJ har vore ein flittig deltakar i det nordiske leksikografisamarbeidet, og har på ei rekkje nordiske konferansar lagt fram ideane bak dei storverka han har levert (Jón Hilmar Jónsson 1992, 1996, 2003, 2005). Eg viser til dette, og går ikkje vidare inn på intensjonane hans. Eg stiller i staden spørsmålet: Kven skal bruke ordboka, og til kva?

5 Døme på bruk: Nokre søk

Brukarane må i det minste vere folk som kan islandsk godt frå før, og som skal bruke språket aktivt eller forske i det. SOÍM er ei typisk produksjonsordbok – den som skal lese islandsk og treng opplysning om kva ord betyr, må gå til andre ordbøker, anten *Íslensk orðabók* (ÍÓ) eller ei tospråkleg ordbok. Men i ÍÓ finn ikkje brukaren så mange ord som JHJ har fått med, når det gjeld samansetningar. Såleis kan den som vil vite om ei gjennomsiktig samansetning som ikkje finst i ÍÓ, likevel kan brukast på islandsk, slå opp under eitt av ledda i ordet i SOÍM og leite i listene der. Rett nok er samansetningsrekkjene ikkje ordna alfabetisk, men etter tyding, så vidt eg kan sjå, og det stiller store krav til brukaren, for her er ikkje strukturen så godt markert alltid (det kjem eg tilbake til nedanfor).

No skal eg teste SOÍM ved å gjere nokre søk der (i papiroidboka). Dei meldingane av OS, OH og SOÍM som eg har sett, er skrivne frå ein islandsk brukarsynsstad (Anna Helga Hannesdóttir 2005, Jóhannes

Gísli Jónsson 2005 og Erla Hallsteinsdóttir 2005 – den islandsk-kompetente nordmannen Erik Simensen (1995) er eit unntak). Eg skal supplere desse ved å stille meg på den islandsk-interesserte utlendingsstandpunkt. Det er ikkje mange av oss, men listene over "hugtakaheiti" på framande språk bak i boka viser jo at JHJ har tenkt på oss også. Eg vil formulere nokre tilfeldige "utlendingspørsmål" og sjå kor langt SOÍM hjelper meg til å finne svar på dei – jamført med ÍO.

Først har eg late meg inspirere av sjølve orda *orðastaður* og *orðaheimur*. Kva betyr dei egentleg? JHJ har ikkje forklart dette nokon stad eg har sett, så det er kanskje opplagt for ein islending. Men da må det vel stå i ordbøkene. Eg slår opp.

I ÍO står berre **orðastaður**, forklart som "viðræða, deila", med dømet "**segja e-ð í orðastað e-s** segja e-ð i stað annars, leggja e-m orð i munn". Eit søk på forleddsartikkelen **orða-** i SOÍMs hovuddel hjelper ikkje så mykje. Artikkelen er delt i fem tydingsgrupper, og *orðastaður* står i gruppe 5 saman med *orðaskipti* og ein del andre ord etter tydingsmarkøren *deila*. Men **orðastaður** er òg eige oppslag, forklart som "viðræða" med ordsambandet "eiga orðastað við <hann, hana>", og under ei tyding 2 i " <segja þetta> í orðastað <hans, hennar>". Dessutan finn vi dei same uttrykka i begrepsartiklane SAMTAL/ORÐASKIPTI og UMMÆLI. Dette kan tyde på at ordet er lite brukeleg utanfor desse ganske faste ordsambanda.

Orðaheimur finn eg ingen stad, verken i ÍO eller i SOÍM (etter søk både på sjølve ordet, forleddet *orða-* og etterleddet *-heimur*). Det kan tyde på at JHJ har laga ordet, og er så samvitsfull at han ikkje vil bruke belegg av seg sjølv som kjelde. I innleiinga til OH finn eg heller ingen stad nokon kommentar til sjølve ordet som er namn på ordboka. Er ordet da sjølvforklarande for ein islending trass i at det eigentleg ikkje "finst"? Det verkar slik, for Anna Helga Hannesdóttir (2005) går rett på det i tittelen til meldinga si av OH: "Nya vägar in i ordens värld" (alludert til også av Erla Hallsteinsdóttir (2006)). Dermed er det vel leksikalisert og må komme inn i neste utgåve?

Når *Orðastaður* og *Orðaheimur* er slått saman, er det da *heimstaður orða* vi har framfor oss? Det kan passe, for etter JHJs filosofi er ordas heimstad nettopp frasane, ikkje lemmalistene i ei definisjonsordbok. Eg slår opp i ÍO, og finn ikkje noko ord *heimstaður*. Så prøver eg i SOÍM, både under *heim-*, *heima-* og *heims-*, utan hell. Dette ordet finst openbert ikkje på islandsk. *Heimstad* eller *hjemsted* på norsk betyr, et-

ter Hróbjartur Einarssons *Norsk-islandsk ordbok, heimaslóðir* eller *heimastöðvar*. Det første av desse to orda står som lemma i ÍO, men ikkje det siste; det er derimot oppført som synonym under *heimaslóðir*. I SOÍM finn vi eintalsforma *heimaslóð* under *heima-* saman med ein del andre ganske synonyme ord.

Eg prøver eit nytt søk: Ein kjend islandsk oppsong av det meir militante slaget sluttar med lina "*stríðum, vinnum vorri þjóð*". Eg spør meg kva *vinna* tyder her ('sigre' eller 'arbeide?'), og korfor dativen "*vorri þjóð*"? Så ser eg etter i ÍO, der begge tydingane finst, men med 'arbeide' som den primære, og eg finn ingen absolutt ("naken") dativkonstruksjon (berre typen *vinna e-m e-ð*). Så går eg til SOÍM. Her finn eg ulike tydingar, markerte med formelt eller semantisk relaterte substantiv ("no. vinna; no. vinnsla; sigur"). Men den "nakne" dativkonstruksjonen som eg søker, finn eg ikkje. Konklusjonen av det må vel vere at denne konstruksjonen ikkje er aktuell og gangbar i dag. Men kanskje han var det i eldre språk. Det fortel ikkje SOÍM noko om.

Men denne historia er litt lengre. Eg hadde berre brukt 1983-utgåva av ÍO. I siste fase av artikkelskrivinga får eg tak i 2002-utgåva og ser etter der, og der finn eg "**vinna e-m** vera í þjónustu e-s". Er det dette som er meint i songen? I SOÍM står det i alle fall ikkje.

Vi kan altså bruke ordbøker til å finne ut at eit ord ikkje finst (som **heimstaður*). Men vi kan altså òg finne ord og konstruksjonar i autentiske islandske tekster som (fleire av) ordbøkene ikkje nemner. SOÍM inneheld openbert det gangbare ord- og frasetilfanget i det moderne islandske allmennspråket, men stilmarkeringar og andre markeringar som viser bruksstatusen orda har i språket, finst ikkje, som eg alt har nemnt. Igjen viser det seg at brukaren må ha ei velutvikla islandsk språkkjensle, dvs. morsmålskjensle eller nesten det, for å få full nytte av ordboka.

Enda eit nytt søk: På islandsk heiter det *fremja sjálfsmörð*, på dansk og norsk bokmål *begå selvmord*, engelsk *commit suicide* og nederlandsk *zelfmoord plegen*. *Begå*, *commit* og *plegen* på dei respektive språka har ein klang av "gjere noko ulovleg eller normstridig", men i alle fall på norsk er *fremme* eit positivt ord som betyr 'arbeide for', 'styrkje' o.l. Er *fremja* på islandsk negativt eller nøytralt? I ÍO finn eg ikkje ut mykje om det, der står berre synonyma *iðka*, *drúgja* og eit par andre, rett nok med døma *fremja glæp*, *illvirki*. Eg slår opp i SOÍM og søker eit svar der. Og der finn eg det: *fremja* er inndelt i to tydingar med objekttype

angitt: "1 vont verk", med døme frá *lögbrot* til *ranglæti*; også *sjálfsmorð* er med. Den andre tydinga, "2 athöfn", har færre døme. Dermed ser eg at *fremja* på norsk i utgangspunktet bør omsetjast med *begå* heller enn med *fremme* (med atterhald om at konteksten i eit konkret tilfelle kan krevje noko anna).

På denne måten kan SOÍM vere til hjelp når ein vil finne det rette ordet i omsetjing, men ein må ha konsultert ei definisjonsordbok først. Som eg alt har antyda eit par gonger, må ein ha solide bakgrunnskunnskapar om ein skal ha utbytte av SOÍM, for mykje av den informasjonen ordboka gir, er implisitt. Det gjeld ordninga av samansetningar, for eksempel. I motsetning til ÍO, gir SOÍM kunnskap om at forleddet *heim-* går på "rørsle heimover" (*heim-ferð*, *heim-för*, *heim-koma* osv.), *heima-* går på det vi i andre germanske språk mest tenkjer på med *heim*, *hem*, *hjem*, *home*, mens *heims-* knyter seg til substantivet *heimur* 'verd'. Men det blir ikkje sagt, berre implisert.

Samansetningsrekkjene i SOÍM er, som nemnt før, ikkje alfabetisk ordna, men inndelte etter tydingsgruppe (og heller ikkje alfabetiske innanfor tydingsgruppene). Overgangane mellom ulike tydingsnyansar er markerte med semikolon, mens orda elles er åtskilte med komma. Som under **heima-**: Vi har ei hovudinndeling i ordklasser: først substantiv, så adjektiv. Og så ber det laus under "NO": "heima-hús, -hagar, -land, -byggð, -sveit" og 24 ord til innan vi får eit semikolon, og så går det vidare: "heima-vinna, -verk, -iðja," atten nye ord, nytt semikolon, så: "heima-still, -ritgerð, -lexia" – og så vidare. Eg sparar litt plass her ved å ikkje gjenta forleddet; i ordboka står alle orda fullt utskrivne med ledd-delning markert. Eg ser logikken i systemet, men det er ikkje lett for brukaren å leite etter ei spesiell samansetning i dei lange rekkjene.

Eg gjer òg eit søk på eit begrep, og da vel eg *kjærleik*. Som skandinav slår eg opp i den danske begrepslista på *kærlighed*, og ventar å finne *ást*, for såpass islandsk kan eg. Men eg finn to andre ord: *væntumþykja* og *ástarhugur*. Eg begrensar meg til det sistnemnde.

Under ÁSTARHUGUR finn eg ei lang rekkje synonyme uttrykk med tyding 'bli forelska i, bli glad i', eller i setningsform "dei er / vart glade i kvarandre" – grupperte etter verb, med verbalfrasar og setningsdøme om kvarandre: "fella ástarhug til <hans, hennar>, fella ást til <hans, hennar> ... hugir þeirra falla/féllu saman, þau leggja/lögðu hugi saman, leggja ástarhug á <hann, hana>" osv. til "þau unnast hug-

ástum". Deretter får vi nokre dæme på tre særtýdingar: "með vísun til augnatillits: renna hýru auga til hans, hennar ... með áherslu á að-dáun: dá <hann, hana> ... með áherslu á þrá, girnd ... " – og så vidare.

Dette gir god innsikt i strukturen til dei islandske uttrykksmåtane, og kan òg vere praktisk nyttig for den som skal omsetje til islandsk eller sjølv vil skrive på språket og uttrykkje visse ting. Men sjølv sagt krev også desse oppslaga høg kompetanse hos brukaren når han eller ho skal vurdere ordsambanda og finne fram til det som eignar seg best til det behovet brukaren har akkurat da.

6 Konklusjon

Konklusjonen må bli at SOÍM er eit storverk som det knapt finst maken til, og særleg for eit så lite språksamfunn. Som bruksbok er det først og fremst forskarar og profesjonelle skribentar og omsetjarar som vil ha nytte av ho. Erla Hallsteinsdóttir (2006: 11) meiner at "det er tvivlsomt, om brukere med andre modersmål overhovedet vil kunne bruke den". Eg vil ikkje seie det så sterkt, etter det utvalet av sök eg har presentert ovanfor. Men Jón Hilmar (2006: 230) avfeier likevel dette synspunktet litt for raskt og enkelt i svarreplikken sin. For ein utlending (med avanserte kunnskapar i islandsk) tener SOÍM primært som eit supplement til den meir konvensjonelle definisjonsordboka, for vi har behov for eksplisitte definisjonar og forklaringar og sosial-stilistiske bruksmarkeringar som morsmålsbrukarar av islandsk ikkje treng på same måten. Men for dei som driv jamførande studiar mellom islandsk og skandinaviske språk eller andre germanske språk innanfor idiomatikk og fraseologi, er SOÍM ei sann gullgruve.

Kjelder og litteratur

- Anna Helga Hannesdóttir. 2005. Nya vägar in i ordens värld. *LexicoNordica* 12: 199–211. Bergenholtz, Henning o.a. 1997. *Nordisk leksikografisk ordbok*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Clausén, Ulla o.a. 2003. *Svensk språkbruk. Ordbok över konstruktioner och fraser*. Utgitt av Svenska språknämnden. Stockholm: Norstedts.
- Erla Hallsteinsdóttir. 2006. I ordenes store verden. *LexicoNordica* 13: 209–228.
- Íslensk orðabók handa skólum og almennungi. 1983. (2. utg.) Red. Árni Böðvarsson. Reykjavík: Menningarsjóður.
- Íslensk orðabók. 2002. (3. utg.) Red. Mörður Árnason o.a. Reykjavík: Edda.

- Jóhannes Gísli Jónsson. 2005. Orðastaður og Orðaheimur. *Orð og tunga* 7:121–129.
- Jón Hilmar Jónsson. 1992. Fra en passiv til en aktiv ordbok. Det kombinatoriske aspektet i fokus. I: R. V. Fjeld (red.). *Nordiske studier i leksikografi. Rapport fra Konferanse om leksikografi i Norden* 28.–31. mai 1991, side 88–104. Skrifter utgitt av Nordisk forening for leksikografi 1.
- Jón Hilmar Jónsson. 1994. *Orðastaður. Orðabók um íslenska málnotkun*. Reykjavík: Mál og menning.
- Jón Hilmar Jónsson. 1996. Nøkler til ordforrådet. Om lemmafunksjon, struktur og informasjonstyper i en ny kombinatorisk ordbok over islandsk. I: Ásta Svavarsdóttir o.a. (red.). *Nordiske studier i leksikografi 3. Rapport fra Konferanse om leksikografi i Norden. Reykjavík* 7.–10. juni 1995, side 245–254. Skrifter utgitt av Nordisk forening for leksikografi 3.
- Jón Hilmar Jónsson. 2002. *Orðaheimur. Íslensk hugtakaorðabók með orða- og orðasambandaskrá*. Reykjavík: JPV.
- Jón Hilmar Jónsson. 2003. Fraseologien i forgrunnen – fraseologisk register som ledd i ordbokens tilgangsstruktur. I: Zakaris S. Hansen og Anfinnur Johansen (red.). *Nordiske studier i leksikografi 6. Rapport fra Konference om leksikografi i Norden. Tórshavn* 21.–25. august 2001, side 151–167. Skrifter udgivet af Nordisk forening for leksikografi 7.
- Jón Hilmar Jónsson. 2005. Orðaheimur – en fraseologisk begrepsordbok. I: R. V. Fjeld og D. Worren (red.). *Nordiske studiar i leksikografi 7. Rapport frá Konferanse om leksikografi i Norden. Volda*. 20.–24. mai 2003, side 228–236. Skrifter utgjevne av Nordisk forening for leksikografi 8.
- Jón Hilmar Jónsson. 2006. Kommentar til anmeldelsen *I ordenes store verden*. *LexicoNordica* 13: 229–236.
- Norsk-Islandsk ordbok. Norsk-Íslensk orðabók*. 1987. Red. Hróbjartur Einarsson. Oslo: Universitetsforlaget.
- Simensen, Erik. 1995. [Melding av] Jón Hilmar Jónsson: *Orðastaður. Orðabók um íslenska málnotkun*. *LexicoNordica* 2: 281–286